



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED VANKOPPAR	
Om vannkoppar	Hovedsymptom ved vannkoppar er utslett.
Kan barnet få utslett fleire gonger?	Nei
Smittemåte	Vannkoppar smittar gjennom lufta eller direkte kontakt med væske frå dei små blærene i utslettet. Viruset smittar svært lett frå 2 dagar før utslettet viser seg til småblærene har tørka inn (vanlegvis 5 dagar).
Symptom og teikn til smitte	Utslett med små blærer (vesiklar) som spreiar seg til hele kroppen og klør. Det er også vanleg med feber og nedsett allmenntilstand.
Tiltak ved utbrot av utslett	<p>Det er vanskeleg å førebyggje vannkoppar då infeksjonen smittar svært lett og er smittsam før sjukdomen vert synleg.</p> <p>Barn bør vere heime frå barnehage/skule/SFO til utslettet har begynt å tørke inn. (dette tek vanlegvis ca. 5 dagar). Dersom barn eller sysken til barn i barnhagen har kreft eller immunsvikt, skal barnet sine føresette og kommunehelsetenesta umiddelbart informerast ved mistanke om vannkoppar i barnehagen.</p> <p>Barn som får vannkoppar vert som regel friske av seg sjølv. På apotek får du kjøpt «Kvitvask» mot kløe, men det fins ikkje gode studiar som viser om det har effekt.</p> <p><b><u>Ikkje gi Ibux! Den kan dramatisk forverre sjukdommen!.</u></b></p> <p>Ein kan gi Paracetamol. Sjå pakningsvedlegg!</p>
Informasjon frå:  <a href="https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/">https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/</a>  <a href="https://helsenorge.no/sykdom/infeksjon-og-betennelse/vannkopper">https://helsenorge.no/sykdom/infeksjon-og-betennelse/vannkopper</a>	Treng du meir informasjon ta kontakt med helsesjuepleiar eller legekantoret